



Wellconnection Mongstad AS  
Storemyra 279  
5954 MONGSTAD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/353 - 19/4247

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

04.03.2019

## Vedkomande årsrapportering fettutskiljar - GBNR 127/106 Wellconnection Mongstad

Teknisk drift har motteke årsrapport for fettutskiljar – gbnr 127/106 Wellconnection Mongstad AS for driftsår 2018.

Årsrapport for driftsår 2018 viser at anlegg, i perioder, har for høg temperatur. I desember vart maks temperatur målt opp i 31,6 °C. I årsrapport for 2017 vart det registret maks temperatur på 37,2°C. Ved slike temperaturer har anlegg ingen funksjon og alt fett vert ført ut på kommunalt nett.

Føremål med logging av temperatur er å dokumentere at anlegg fungerer etter intensjonen slik at krav til utslepp til kommunalt nett vert stetta.

Optimal temperatur i utskiljar anlegg vil ligge opp mot 20°C. Fett av ulik opphav begynner å løyse seg opp ved temperatur frå 20°C og oppover. Anlegget sin funksjon vert gradvis redusert for kvar grad temperaturen stiger. Når temperatur i anlegg når rundt 30°C har anlegg ingen funksjon (anlegg vert ei del av leidningsnettet). Høge temperaturer i anlegg kan også føre til at utskilt fettlag vert løyst opp og ført ut på kommunalt nett.

Årsrapportene for 2017 og 2018 gir ei indikasjon på at anlegg ved Wellconnection Mongstad AS er for liten i forhold til produksjonen ved kjøkkenet. Vi gjer merksam på at det er maks temperaturer som gjev føringer for om kommunen skal krevje igongsetjing av tiltak eller om kommunen skal krevje installering av større anlegg.

Teknisk drift ber Wellconnection Mongstad AS komme med ei plan for kva tiltak verksemda kan gjere for å få ned temperatur i anlegg.

Frist for tilbakemelding vert sett til : Måndag 01.04.2019.

### Førehandsvarsel om tilsyn:

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



På bakgrunn av innsendt årsrapport 2017 og 2018 der det er dokumentert for høge temperaturer i anlegg, ser Lindås kommune behov for å føre tilsyn med anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsel om tilsyn. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget brev – varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Wellconnetion temperaturlogg 1 desember 2018  
Wellconnetion temperaturlogg 1 mars 2017  
Wellconnetion temperaturlogg 2 juni 2017

**Kopi til:**

Imr Property AS	c/o Mongstad Administrasjon AS Storemyra 162	5954	MONGSTAD
-----------------	--	------	----------

**Mottakarar:**

Wellconnection Mongstad AS	Storemyra 279	5954	MONGSTAD
----------------------------	---------------	------	----------